
1998-2023

- 25 år -



OPPLÆRINGS-
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2022



© Kalli-Kalli Lasteaed

Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) var frå 1998 og fram til 01.01.2020 organisert som ein del av den fylkeskommunale drifta. Sidan den tid har OKOS vore drifta som eit eige rettsobjekt i tråd med forarbeidet til Opplæringslova.

OKOS er frå 01.01.2020 drifta som eit Samvirkeforetak (SA), noko som vi tenkjer er med å gje medlemsbedriftene auka moglegheiter til styring og utvikling av OKOS.

Sjølv om driftsforma vart endra for tre år sidan så har ein likevel med seg erfaring med arbeid, organisering og tilrettelegging for utdanning av lærlingar, læreandidatar og vaksne med praksis i eigen bedrift. Dette er eit viktig arbeid, og OKOS står som eit viktig ledd for heilheita i fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane.

10.mars 2023 hadde kontoret 25 års jubileum, og vi er stolte over å kunne syne til god og kontinuerleg drift over så mange år, og håpar på 25 nye år med oppfølging og tilrettelegging for utdanning av lærlingar.

Med hovudvekt av kontraktar innanfor helse- og oppvekstfag, yter OKOS eit viktig bidrag til utdanning av fagarbeidarar til deler av offentlig tenesteproduksjon sine viktigaste yrkesgrupper.

Drifta syner god oppfølging av lærlingane og medlemsbedriftene med tilrettelegging av både fysiske og digitale kurs i tillegg til direkte oppfølging ute i den enkelte kommune.

Vi har dei siste åra diverre hatt utfordringar med å få på plass kontormedarbeidar for kontoret, men dette har no løyst seg slik at vi går inn i 2023 med betre kapasitet enn tidlegare år.

Medlemsbedriftene har dei siste åra hatt ein betre kontinuitet i etterspørsel av lærlingar, dette er, og vil vere viktig faktor for drift av OKOS.

Det er all grunn til å tru at OKOS vil kunne gje eit godt bidrag til fag- og yrkesopplæringa i åra framover.

13.april 2023



Anne Kristin Førde
styreleiar

Innhald

<i>Innleiing</i>	4
Styret	4
Sekretariat/administrasjon	4
 <i>Medlemsbedrifter 2022</i>	 4
 <i>Fagbrev og kontraktar</i>	 5
Historikk	5
Fullførte fagbrev	5
Fagprøveresultat - Kvalitetsutvikling	6
 <i>Rekruttering</i>	 6
 <i>Internasjonalisering</i>	 7
 <i>Kurs og samlingar</i>	 8
 <i>Samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vidaregåande skule</i>	 8
 <i>Økonomi</i>	 8
Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene	8
Rekneskapen	8

Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) legg med dette fram si årsmelding for driftsåret 2022.

Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring for offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

Styret har i perioden hatt 4 møte, samt årsmøte.

Organisasjonen sine [vedtekter](#) er det formelle grunnlaget for OKOS si verksemd.

På vegne av sine medlemsbedrifter er OKOS, saman med sine medlemsbedrifter, juridisk ansvarleg for omlag 80 lærekontraktar innan helse og oppvekst spesielt.

Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta tilrettelegging av spesialundervisning, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

Styret

Styret består av 5 medlemmar, 4 frå medlemsbedriftene og 1 frå Fagforbundet. Medlemmane blir valt for 2 år om gangen slik at berre halvparten av medlemmane er på val kvar gong.

Styreleiar er på val kvart år.

Styret har i perioden april 2022 – til årsmøtet i april 2023 hatt denne samansetninga:

Anne Kristin Førde	Styreleiar (Bremanger kommune)
Ingvard Andreas Flekke	Nestleiar (Fjaler kommune)
Dagun Muri	Medlem (Sunnfjord kommune)
Frode Merkesvik	Medlem (Høyanger kommune)
Magne Hestad	Medlem (Fagforbundet)
Tova Kjæmpenes	1. varamedlem (Askvoll kommune)
Ole Jakob Nedrebø	2. varamedlem (Fjaler kommune)
Sigrun Bøe Perez	Varamedlem (Fagforbundet)

Sekretariat/administrasjon

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug

Administrasjonssekretær: Marita Mossestad i perioden mars-mai. Stillinga har dermed vore vakant i store deler av året. Ny tilsett er planlagt frå 2023.

Medlemsbedrifter 2022

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

Pr. 31.12.2022 var desse lærebedriftene tilknytt opplæringskontoret:

Askvoll kommune
Bremanger kommune
Fjaler kommune
Gulen kommune

Hyllestad kommune
Høyanger kommune
Sande barnehage
Solund kommune

Sunnfjord kommune
Vassenden barnehage SA
Vik kommune

Ingen endring i tal medlemsbedrifter frå 2021.

Fagbrev og kontraktar

Historikk

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok 10. mars 1998 å etablere eit opplæringskontor for offentlig sektor. Alle offentlege verksemdar i fylket blei invitert og nettverket etablert.


I forbindelse med kommunereforma i 2020 blei OKOS omorganisert som eit samvirkeforetak med dei viktigaste tidlegare kommunane i regionen som medlem.

Opplæringskontoret vil dermed i 2023 ha assistert i gjennomføring av fagopplæringa gjennom 25 år.

Fullførte fagbrev

Oversikten under viser fullførte fagbrev pr. fag dei siste 5 åra.

Faga innafor helse og oppvekst (HEA, BUA) er dominerande, da dei er sentrale i den kommunale tenesteproduksjonen. Datafaget hadde ingen fagprøver i 2022.




Fagprøveresultat - Kvalitetsutvikling

I perioden 1997-2022 har 867 kandidatar i 14 ulike fag fullført si fagopplæring.

Ved ein gjennomgang av resultata for fagprøver dei siste åra ser ein at det har vore ei positiv utvikling.

I 2022 var det 34 kandidatar (2021:51) som fullførte si utdanning. Av desse var det 47% (2021: 45%) som fekk vurdert prøva til bestått mykje godt. I helsearbeidarfaget fekk halvparten bestått MG.


Figuren under viser andel av kandidatar som har fått vurdert sin fagprøve som mykje godt bestått.




Rekruttering

Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar og oppdaterer [oversikt](#) over aktuelle arbeidsgjevarar og fag på heimesida.

I tillegg til bedrifta si eiga annonsering blir oversikta over ledige læreplassar også formidla direkte til aktuelle kandidatar i faga. Kandidatane må søke læreplass til dei aktuelle arbeidsgjevarane.



Rekrutteringa i 2022 blei fordelte på dei aktuelle faga slik:



I 2022 blei det tilsett 34 lærlingar, mot heile 55 i 2021.

Dette kan truleg skyldast at fleire elevar no ønsker å fortsette på utdanning mot studiespesialisering med tanke på ei seinare høgskoleutdanning.

Det var ved utgangen av året om lag 10 ledige lære plassar, dei fleste innan helse.

Pr. 31.12.21 hadde OKOS til saman 79 kontraktar (2021: 85). Av desse var om lag 12 % menn.

Internasjonalisering

OKOS har lang erfaring i slike tiltak, men arbeidet blei avbrott på grunn av pandemien.

Våren 2022 inngjekk OKOS intensjonsavtalar med 3 barnehagar i Tallinn, Estland om utplassering av inntil 4 motiverte og kompetente lærlingar i 3 veker same hausten.

Men på grunn av kapasitetsutfordringane i sekretariatet denne hausten vil utplasseringa bli utsett til våren 2023.

Val av kandidatar skjer i samarbeid med medlemsbedriftene. Fagleg og administrativ kvalitetssikring blir ivaretatt av sekretariatet direkte.



Tiltaket er i hovudsak finansiert av EU-midlar gjennom [Erasmus+](#), EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett.

Vestland fylkeskommune [assisterer administrativt](#) med tildeling av midlar til reise og opphald for deltakarane, samt overordna rapportering til EU.

Arbeidet med internasjonalisering gir viktig fagleg utbytte for deltakarane, men må også sjåast på som eit omdømme- og rekrutteringstiltak for offentleg sektor.

Kurs og samlingar

OKOS har i 2022 gjennomført fleire førstehjelpskurs for lærlingane i helsearbeidarfaget, introduksjons-samling for dei nytilsette lærlingane i samarbeid med rettleiingstenesta i fylkeskommunen, kurs for faglege leiarar og instruktørar med ansvar for opplæring av lærlingar og temasamlingar med bidrag frå det fylkeskommunale mobbeombodet og pasientombodet.

Kursaktiviteten blei noko redusert i forhold til 2021.

I tillegg gjennomførast 7 e-læringskurs for om lag 30 lærlingar i helsearbeidarfaget pr. år, til saman meir enn 200 digitale kurs.

Fysiske og digitale kurs er gratis for medlemsbedriftene.

Samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vidaregåande skule

OKOS fekk i 2022 på plass ein første versjon av ein formell samarbeidsavtale innan fagopplæring med avdeling for helse og oppvekst.

Avtalen er gyldig til 30. juni 2024 og skal da reviderast.

Føremålet med avtalen er å legge til rette for eit styrka og systematisk samarbeid mellom skulen og OKOS, med mål om å sikre rekruttering frå skule og inn til læreplassar i offentleg sektor, fortrinnsvis innan Helsearbeidarfag (HEA) og Barne- og ungdomsarbeidarfag (BUA).

Avtalen er nokså omfattande og er tatt med som vedlegg bak i årsmeldinga.

Økonomi

Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene

Det blei utbetalt omlag 3,8 mill. (4,0 mil. i 2021) til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot og tilskot til forsterka opplæring av lærlingar, gjennomføringsmidlar, rekrutteringstilskot, samt ekstraordinære midlar etter søknad.

Rekneskapen

Resultatrekneskapen for driftsåret 2022 viser eit underskot på kr 247 833.-

Resultatet er likevel kr 286 167.- betre enn budsjettet, da det for 2022 var berekna eit underskot på kr 534 000.- med inndecking i egenkapitalen.

Bankinnskott i Sparebanken Sogn og Fjordane pr. 31.12.2021 er bokført med kr 3 275 354.-

Viser til revisjonsmelding og revidert rekneskap for detaljar.